



Tårnagentane deltok med flott song.

Det var ei gild stund i kyrkja i dag på Maria Bodskapsdag. Med innslag av tårnagentane, dåp og tale av prosten Theodorsen fekk alle dei frammøtte ei innhaldsrik gudsteneste. Målgruppa for talen til prosten var born og unge. Teksten er henta frå Lukas kap. 1 om to gravide kvinner, Elisabeth og Maria, som begge fekk bodskapen om Jesu fødsel.



[Det var prost Svein Arne Theodorsen som heldt preika](#)

Med eit dåpsbarn i kyrkja fekk alle ei enkel og god innføring om døyparen Johannes og Guds son, Jesus. Tårnagentane er ein del av trusopplæringsprogrammet i kyrkja. Tilbodet går til døypte born i 3. klasse og ved innslaga deira med song og opplesing fekk vi ei fin innføring i kva kyrkja er og driv med. Mange foreldre møtte fram og fekk sjå kva borna deira har vore med på denne helga.



Etter gudstenesta var det kyrkjekaffi.

Tekst: Kristian Bringedal
Foto/nett: Thor Inge Døssland